

Adventskalender med fantastiske gevinstar kan også kjøpast digitalt!

24.11.2020



To nydelege strikkagensarar, både til barn og herre, er blant gevinstane.

Aldri har den populære adventskalendaren til skulemusikken hatt ei flottare gevinstliste! Likevel har koronaen gitt nokre utfordringar når det gjeld salet. Det er ikkje alle som er klar over at dei kan kjøpa kalendaren og få den tilsendt digitalt. Dermed kan spenningen i førjulstida sikrast om ein bur på Fjelberg, i Oslo eller USA. På same tid støttar ein opp om den viktigaste inntektskjelda til skulemusikken i ei utfordrande tid.




Vesle julaftan får den heldige vinnaren denne dokka med flotte strikkekle.

- Vi har fått så utruleg mange fine gevinstar i år. Både bedrifter og privatpersonar har bidrege på ein måte som gjer at vi er heilt overvelta. Særleg er det spesielt mykje fint handarbeid i år, seier Haldis Aakra og Monica Hermann i skulemusikkstyret. I tillegg kan dei fortelja om alt mogeleg anna som er kjekt å vinna frå leiker til produktpakkar, gavekort og flybillettar. Likevel legg dei ikkje skjul på at det har vore meir utfordrande å selja den i år. Det er naturleg sidan dei ikkje har kunna hatt dørsalg eller anna aktivt sal på grunn av koronaen.

Både Gros Blomster og Zjakk frisør har vore aktive og har hjelpt godt til med salget. Elles har musikarar og foreldre jobba over mobil og facebook.

Det går fint an å kjøpe kalendaren om ein ikkje oppheld seg i Uskedalen. Interesserte kan melda frå til **Monica Hermann(906 35 493) eller Haldis Aakra(970 43 869)**. Betaling kan så skje med vipps eller anna avtala måte. Deretter tar dei bilde av kalendaren med nummer og sender til kjøpar samtidig som dei arkiverer orginalkalendaren. Gevinstoverlevering vert seinare avtala med vinnarane. Ein god del har nytta seg av denne ordinga, og på den måten kan denne kjekke kalendaren skape stemning og spenning no i førjulstida over heile verda.



Denne nydelege duken er ein av gevinstane på sjølvaste julaftan. Då kan ein også vinna flybillettar.

Vinnarnummera vert kunngjort som notis på uskedalen.no kvar morgon i heile desember til og med julaftan.

Styret ber oss igjen takka alle som har bidrege til den flotte gevinstlista. Dei takkar også Gros Blomster og Zjakk som hjelper til med salget og Auto 88 AS som også i år tar seg av utdeling av gevinstane.

Dei håpar på ein solid innspurt i salget, for inntektene vil koma godt med til drifta av skulemusikken.



22. desember får vi håpa på ein ung vinnar. Då er denne kjekke skogsmaskinen gevinsten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Haldis Aakra.